



## Referat frå styremøte i styret for Betel torsdag 10. mars 2016

### Til stades

Oddvar Hægeland (2015-2017)

Øystein Kvamme (2015-2016)

Sigrid T. Lofstad (2015-2017)

Sigrun Lønning Solvang (2015-2017)

Opning ved Sigrid frå Luk. 10 om Martha og Maria.

### Sak 5/16: Godkjenning av referat frå styremøte 7. januar 2015

Referatet blei godkjent utan merknader.

### Sak 6/16: Saker og drøftingar frå årsmøtet. Oppsummering

- Takkebrev til givarane  
Styret bestemte at vi formulerer eit takkebrev som vi sender ut til givarane med m.a. nokre moment frå årsmeldinga. Oddvar lagar eit utkast som vi drøftar på e-post og sender til Ove når det er ferdig. I tillegg gjer vi det slik at årsoppgåvane også får eit takkeavsnitt.
- Bankterminal  
Styret bestemte at vi skal skaffe oss ein terminal som eit supplement til vanleg innsamling av pengar. Det står om dette i siste nummer av Misjonsbladet, og styret trur det er ein god ting å ha sjølv om utstyret kostar litt. Sigrun snakkar med Ove om han kan undersøke moglegheitane for å leige eller eige ein terminal.
- Facebookside  
Styret bestemte at vi vil ha ei FB-side og utfordrar Tor-Bjørn Nordgaard til å etablere og drifte sida saman med Nils Arne. Dette er ei side som skal tilhøyre menigheten og difor skal ha eit innhald knytt til verksemda vår. Oddvar snakkar med Tor-Bjørn og Sigrun med Nils Arne.

### Sak 7/16: Ventilasjonsanlegg

Styret drøfta behovet for ventilasjon i møtesalen. Det er eit lite lokale som gjer at lufta fort blir dårleg. Eit fullskalas ventilasjonsanlegg vil bli for kostbart. Ei varmpumpe som kan hjelpe litt på sirkulasjonen, vil heller ikkje betale seg i forhold til bruken av lokalet. Vi lar det difor liggje no, men vi kan bli flinkare til å lufte og opne opp bak m.m.

### Sak 8/16: Møteplanen og evt. justeringar

Møtet 2. påskedag blir avlyst. Det blir påskefrukost palmesundag og påskesundagstreff første sundag etter påske. Vi oppfordrar folk til å oppsøkje påskemøte der dei er.

**Sak 9/16: Samtale om arbeidet**

Styret snakka litt om diakoni og det å løfte fram diakonale perspektiv i møta våre med å snakke om kven naboane våre er og korleis ein kan møte dei.

**Sak 10/16: Eventuelt**

Søknad frå Godhetsveka om å støtte tiltaket med 4000 kroner. Styret bestemte å innvilge søknaden.

Vi har fått ei årsmelding frå Fredagsklubben som blir vidareformidla til våre folk som er med i denne.

Barnevelsigninga 26. juni.: Sigrid leier sjøve barnevelsigningsmøtet. Jan Danielsen har andakt og seremoni. Øystein har ansvar for sommarfesten ute.

*Oddvar Hægeland, sekretær*